



Notat

Dato: 17.11.2015
Arkivsak: 2014/10587-22
Saksbehandlar: heihand

Til:	Hans-Christian Engum
Frå:	Heidi Handeland

Kulturminnefagleg fråsegn - områdeplan Sotrasambandet

Områdeplan for Sotrasambandet i Fjell kommune er i direkte konflikt med 12 automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren er rette mynde etter forskrift til kulturminnelova til å avgjere om det kan gjevast dispensasjon frå automatisk freding. Fylkeskommunen har oversendt saka til Riksantikvaren 22.09.15 med tilråding om dispensasjon frå kulturminnelova i høve områdeplan Sotrasambandet.

Riksantikvaren finn i brev datert 13.11.15 at forslag til områderegeringsplan for Fv 555 Sotrasambandet, parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense, Fjell kommune, kan godkjennast under føresetnad av at det blir føreteke arkeologisk utgraving av dei råka automatisk freda kulturminna Askeladden-id 169978, 174695, 174992, 174994, 174995, 174997, 175003, 175004, 175005, 175006, 175012 og 175022 før tiltak etter planen realiserast, jf. vedlagt brev med kart stempla Riksantikvaren og datert 13.11.15. I medhald av kml § 10 skal arkeologiske utgravingar kostast av tiltakshavar.

Vedtak om omfang og kostnader av den arkeologiske utgravinga kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteke. Vi gjer merksam på at arkeologiske utgravingar normalt berre let seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i si planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltak etter reguleringsplanen ynskjust realisert. Riksantikvaren vil så fatte vedtak om omfang/kostnader av den arkeologiske utgravinga, eit vedtak som vil kunne påklagast i medhald av forvaltningsloven §§ 28 og 29.

Universitetsmuseet i Bergen har utarbeidd eit kostnadsoverslag for utgraving av dei råka kulturminna, 12 buplasser frå steinalder. Forslaget er på 33 millionar kroner. Forslag til prosjektplan med arbeidsomfang og kostnader vil bli nærare gjennomgått av Riksantikvaren før det blir fatta endeleg vedtak etter kulturminnelova § 10.

Vi gjer merksam på at lokalitet 15 (Askeladden-id 175022) ikkje er avmerka som føresegnssområde på plankartet. Buplassen er direkte råka og vi ber om at merkinga blir retta opp (antatt #10-15). Ein kan laste ned naudsynte filer i shape/SOSI-format frå <https://askeladden.ra.no>, eller vende seg til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga.

Følgjande tekst skal takast inn i reguleringsplanen sine felles føresegner:

Før iverksetjing av tiltak i medhald av planen skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei råka automatisk freda kulturminna id 169978, 174695, 174992, 174994, 174995, 174997, 175003, 175004, 175005, 175006, 175012 og 175022, markert i plankartet med føresegnsområde # 10-3 og 4, #10-11, #10-12, #10-13, #10-15, #10-16 (delstrekning Bildøystraumen-Straumsundet) og #10-6, #10-7, #10-8, #10-9 og #10-10 (delstrekning Straumsundet-Arefjordpollen).

Det skal takast kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at ovannemnde tekst blir innarbeidd i reguleringsføresegnene. Dersom kommunen klargjer at ovannemnde tekst ikkje blir inkludert i planen sine føresegner, og fylkeskommunen ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen umiddelbart varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.